

STYREPROTOKOLL

Onsdag **6. april 2022** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	Kl. 16.00 – 17.45
STYRMEDLEMMER SOM DELTOK:	Siv Bente Stople Østbø , Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET DELTOK:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 30.03.22)
SAKSLISTE:	Godkjent med ekstrasak 19/22 om fjernmøte og referatsakene 13 og 14

Følgjande saker blei handsama:

SAK 9/22 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 16.03.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak 30.03.22:

Protokoll frå styremøtet i HKS IKS den 16.03.22 blir godkjent.

Styrehandsaming 06.04.22:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 06.04.22:

Protokoll frå styremøtet i HKS IKS den 16.03.22 blir godkjent.

SAK 10/22 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.04.22

8. KDDs organisasjonsdatabase «Rapport viser at kontrollutvalgene har fått mer å gjøre»
9. SSB - Lønnsveksten fra 2020 til 2021 – snitt på 4,2 %
10. NKRF v/daglig leder «Hvorfor trenger vi kontrollutvalg?»
11. FKT sin Sekretariatskonferanse 22.-23.mars 2022 Scandic Lillestrøm - THA
12. FKT Fagkonferanse 8.-9.juni 2022 –Lily Country Club Kløfta – OGH
13. Brev til valnemnda for HKS IKS – framlegg om leiar og nestleiar
14. Innkalling/saksliste til representantskapsmøtet 25.04.22 kl. 16.00 i Aksdal

Styrehandsaming 06.04.22:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Det var ønske om at rapport og NKRF sitt innlegg om kontrollutval (nr 8 og 10) vert lagt fram som referatsaker til representantskapet.

Samrøystes vedtak 06.04.22:

Referatsakene 8 -14 blir tatt til orientering.

SAK 11/22 – STATUSOVERSIKT PR. APRIL 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak 30.03.22:

Statusoversikt pr. april 2022 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 06.04.22:

Dagleg leiar informerte om møteplan for våren, samlingar og konferansar og arbeids-situasjonen generelt. Styret kom med kommentarar.

Samrøystes vedtak 06.04.22:

Statusoversikt pr. april 2022 blir tatt til orientering.

SAK 12/22 – REKNESKAPSRAPPORT PR. 28.02.22

Dagleg leiar si framlegg til vedtak 30.03.22:

Styret tar rekneskapsrapport pr. 28.02.22 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 06.04.22:

Styreleiar orienterte. Ho viste til den stor auka i pensjonskostnader i fjor og ønskte at det blei undersøkt om anslag for 2022 var realistisk. Dagleg leiar vil kontakte KLP for nærare avklaring. Styret støtta dette og hadde elles ikkje merknader.

Samrøystes vedtak 06.04.22:

Styret tar rekneskapsrapport pr. 28.02.22 for HKS IKS til orientering.

**SAK 13/22 – STYRET SI MELDING OG SEKRETARIATET SI
ÅRSMELDING 2021**

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling 30.03.22:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2021 vert godkjent og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2021 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

Styrehandsaming 06.04.22:

Saka blei lagt fram for 2. gangshandsaming som eigen sak. Styret hadde ingen merknader. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.22:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2021 vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

og innstilling til representantskapet

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2021 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

SAK 14/22 – ÅRSREKNESKAP 2021**Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling 30.03.22:**

Årsrekneskapan for 2021 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 15 951. Årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.

Styrehandsaming 06.04.22:

Saka blei lagt fram for 2.gangshandsaming som eigen sak. Dagleg leiar viste til at revisor hadde levert rein revisjonsmelding. Styret hadde ingen merknader. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.22 og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapan for 2021 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 15 951.

Årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.

SAK 15/22 – BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2023**Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling 06.04.22:**

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2023 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2023 med følgjande rammer:

Inntekter 2023		Utgifter 2023	
Tilskot	2 394 000	Lønn- og sosiale utgifter	2 062 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	332 000
Inntekter totalt	2 394 000	Utgifter totalt	2 394 000
Resultat	0		0

Kontingent/eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2023 følgjande:

Karmøy kommune	434 500
Haugesund kommune	434 500
Tysvær kommune	229 000
Vindafjord kommune	229 000
Sveio kommune	202 800
Sauda kommune	202 800
Etne kommune	202 800
Suldal kommune	202 800
Bokn kommune	133 000
Utsira kommune	122 800

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindretgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

Styrehandsaming 06.04.22:

Dagleg leiar viste til nytt saksframlegg. Ho hadde der lagt inn ei auke frå 3,5 til 4 prosent på bakgrunn av resultatet i lønnsoppgjeret for frontfaga med 3,7. Styret ønskte ikkje vere lønsdrivande, men meinte at det var rett å leggje budsjettet noko øve enn under i desse usikre tidene for Noreg og verdsøkonomien. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.22 og innstilling til representantskapet:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2023 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2023 med følgjande rammer:

Inntekter 2023		Utgifter 2023	
<i>Tilskot</i>	<i>2 394 000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>2 062 000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>-</i>	<i>Driftsutgifter</i>	<i>332 000</i>
<i>Inntekter totalt</i>	<i>2 394 000</i>	<i>Utgifter totalt</i>	<i>2 394 000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>		<i>0</i>

Kontingent/eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2023 følgjande:

<i>Karmøy kommune</i>	<i>434 500</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>434 500</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>229 000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>229 000</i>
<i>Sveio kommune</i>	<i>202 800</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>202 800</i>
<i>Etne kommune</i>	<i>202 800</i>

Suldal kommune 202 800

Bokn kommune 133 000

Utsira kommune 122 800

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindretgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakar-kommunane ikkje blir auka.

SAK 16/22 – ØKONOMIPLAN 2023 - 2026

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling 06.04.22:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2023-2026:

	2023	2024	2025	2026
Inntekter:				
Tilskudd	2.394.000	2.490.000	2.589.000	2.692.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.382.000	2.490.000	2.589.000	2.692.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	2.062.000	2.145.000	2.230.000	2.304.000
Driftsutgifter	332.000	345.000	359.000	388.000
Totalt	2.394.000	2.490.000	2.589.000	2.692.000
Resultat	0	0	0	0

Styrehandsaming 06.04.24:

Dagleg leiar viste til nytt saksframlegg. Ho hadde lagt inn 4 prosent basert på budsjettet i 2023. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.22 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2023-2026:

	2023	2024	2025	2026
Inntekter:				
Tilskudd	2.394.000	2.490.000	2.589.000	2.692.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.382.000	2.490.000	2.589.000	2.692.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	2.062.000	2.145.000	2.230.000	2.304.000
Driftsutgifter	332.000	345.000	359.000	388.000
Totalt	2.394.000	2.490.000	2.589.000	2.692.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 17/22 – VAL AV REVISOR FOR HKS IKS

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2022.

Styrehandsaming 06.04.22:

Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.22 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2022.

SAK 18/22 – VAL AV REKRUTTERINGSFIRMA

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling 30.03.22:

Styret vel tilbodet frå rekrutteringsselskapettil hjelp rundt prosessen med rekruttering av ny dagleg leiar i HKS IKS.

Styrehandsaming 06.04.21:

Styreleiar viste til utsendte dokument frå dei to tilbydarane og orienterte på nytt om kva som låg i tilboda. Styret gjekk nøye gjennom dei. Basert på pris, tilnærming og referansar gjekk styret samla inn for å nytte Human AS. Styreleiar tar kontakt med partner Odd Arild Sævik om kva styret ønskte av alternativ, slik at tilbodspris blei bekrefta og om den vidare prosess. Dagleg leiar opplyste at sluttdato blir 01.03.23, men at ho vil avklare vedk. ferieavvikling.

Samrøystes vedtak 06.04.21:

Styret vel tilbodet frå rekrutteringsselskapet Human AS til hjelp rundt prosessen med rekruttering av ny dagleg leiar i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

SAK 19/22 – ADGANG TIL FJERNMØTE I REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling 06.04.22:

Representantskapet vedtar at møter i representantskapet og styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kan avholdes som fjernmøter ved behov, ihht. endringer i IKS-loven av 01.06.21

Styrehandsaming 06.04.22:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for saka. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.22 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet vedtar at møter i representantskapet og styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kan avholdes som fjernmøter ved behov, ihht. endringer i IKS-loven av 01.06.21

YMSE

Representantskapsmøtet 25.04.22

Dagleg leiar og styreleiar møter. Styret meinte det var veldig greitt for representantane å få informasjon i etterkant av møtet om kontrollutvala sitt arbeid og mandat, spesielt knytte til dette med påsjå-ansvar og handtering av henvendingar frå innbyggjarar til utvalet.

Neste møte

I følgje vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **onsdag 21. september**, men på bakgrunn av kommande rekrutteringsprosess vil styreleiar ta kontakt om det vil vere trong for nytt møte før september.

Aksdal, 6. april 2022

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar